

Styremøte BSI Padling onsdag 8. februar 2012

Tilstades:

Magne Ingvaldsen
Anja Rydning
Eva Mykkeltvedt
Espen Raa Nilsen
Lillian Brekke
Gry Johannesen

Ikkje tilstades

Edvin Fields
Tone Bjåen (vara)
Geir Inge Kirkeli (vara)

Stad: Hos Eva

Sak 1.12 – Konstituering av styret

Magne Ingvaldsen Vald som leiar av årsmøtet.

Styret har foreslått å dela oppgåvene mellom seg slik:

Gry : Kasserar
Lillian : Faste padlingar hav, turansvarleg hav
Anja : Kurs hav, styrets kontaktperson mot ressursgruppe hav
Espen : Materialansvarleg hav, naustansvarleg
Eva : Informasjon, kursansvarleg elv, styrets kontaktperson mot ressursgruppe elv
Edvin : Nestleiar, materialansvarleg elv

Varamedlemmene i styret har ikkje blitt tildelt faste oppgåver, men blir invitert på styremøter som tidlegare år.

Eva må oppdatere klubbens epostadresser slik at epostar kjem til rett person.

Alle må ta kontakt med dei som hadde tilsvarande verv forrige år og få ut den informasjon ein treng for å koma i gang med sine oppgåver.

Sak 2.12 – Status økonomi

Magne har før rekneskap for januar, og det er kome inn kr 9.800 og kr 3.627 har gått ut.

Sak 3.12 – Aktivitetskalender 2012

Styret er enig i at ein bør få ut flest moglege aktivitetar på aktivitetskalenderen tidleg på året. Førebels har ein tankar om følgjande eksterne arrangement klubben vil annonsera/delta på

Elv	Hav
Veko	Vårslepp Bulandet
Valldal	Padlefestivalen
Sjoa	Åreleiken
	Giro de Puddefjorden
	Stormsamling Bulandet

I tillegg har elv tenkt å få til eit klubbmesterskap som det var planar om i fjor. Surfing på Stad har vore nevnt som ein moglege heit. Me jobbar vidare med dette. Bl.a. Tar Eva dette opp på møte i ressursgruppe elv.

Sak 4.12 – Ressursgrupper

Elv:

Eva er styrets kontakt mot ressursgruppe elv. Denne gruppa består av eit forholdsvis stort antall av dei mest aktiv elvepadlarane i klubben. Leiar ynskjer kopi av innkallingar til gruppemøter for å ha ein følar ute med kva som føregår.

Hav:

Anja er styrets kontaktperson mot ressursgruppe hav. Ressursgruppe hav har ikkje vore aktiv forrige år, men forrige leiar Michael har sagt han ynskjer å sparka liv i denne gruppa att. Anja kallar inn til møte med utvalgte personer samt leiar for å få aktivitet i denne gruppa.

Sak 5.12 – Utstyr i 2012

Kursutstyr:

Tørrtopper er foreslått kjøpt inn til kursbruk. Klubben har i dag 12 kurssett og må ein erstatta alle 12 overdelane er dette ein forholdsvis stor kostnad. Ein tenker vidare på dette framover mot neste møte.

Hav:

Materialansvarleg hav og ressursgruppe bes koma opp med ein oversikt om kva for kajakkar som kan avhendast, og forslag til innkjøp av nye. Same med anna utstyr ein brukar på hav.

Elv:

Materialansvarleg elv og ressursgruppe bes koma opp med ein oversikt på utstyret ein har og kva som må skiftas ut i løpet av sesongen.

Dugnad:

Dugnad før sesongstart er satt til 10. april (tirsdag etter påske). Naustansvarleg og dei to materialansvarlege må koma opp med ein oversikt over kva som skal gjerast, og kva som må kjøpast inn før dugnaden.

Tilhengar:

Klubbens tilhengar må sjåast over på dugnaden slik at den er klar for sesongen, ev. kan utbetrast.

Flytebrygge:

Flytebrygga sleit seg i vinter og fortøyningar må nok skiftast ut. Naustansvarleg ordnar med folk som kan ta seg av dette (bl.a. dykkarkompetanse)

6.12 – Rekneskapsprogram

Magne meiner at klubben bør vurdere eit rekneskapsprogram for å gjera rekneskapsføringa enklare, og at me kan få betre oversikt over medlemmar og kajakkplassar, med tilhøyrande større/rettare inntekter. I dag må ein kryssjekka tre Excelfiler (rekneskap, medlemsliste, naustliste) samt nettbank og innmeldingsskjema.

Magne og Gry undersøker og kjem med forslag til neste styremøte.

7.12 – Utlån av klubbens lavvo

Hallvard Torp har spurd om å få låna klubbens lavvo til ein klasseset i midten av februar.

Hallvard får låna lavvoen mot at han ser over den, og skaffar til vegs det som ev måtte mangla av delar/utstyr til den (for klubbens rekning).

8.12 – Eventuelt

Styremiddag:

Som i fjor er det stemning for ein middag det det nye styret og dei som sat i fjor går ut og tar ein middag. Tirsdag 6. mars er foreslått som dato. Magne finn stad.

Neste møte:

Tirsdag 13. mars klokka 19 hos Anja (Helleveien 36 E).